

Notat

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Kopi:

Arkivsak
19/251

Arkivkode
614 A10

Dato
03.06.2020

Sak: Utviding av Gaupne barnehage.

Som formannskapet er kjent med, via fleire orienteringar, er det det siste året vorte arbeidd med ulike alternativ for utvida kapasitet i Gaupne barnehage med friluftsliv/uteaktivitets-perspektiv.

Norconsult leverte på nyåret ein rapport der dei vurderte ulike lokalitetar for plassering av ei uteavdeling. Formannskapet har fått orientering om rapporten og avslutta gjennomgangen med synfaring av dei aktuelle områda. Då vart og spørsmålet om ei alternativ løysing teke opp, eit alternativ der ein fekk utvida areal i tilknytning til eksisterande barnehage og ei enklare løysing på ein utfartsplass med «lavo og sanitæranlegg.»

Vidare plan- og utgreiingsarbeid har teke dette inn som eit prioritert alternativ.

Det har så vore gjort eit omfattande arbeid omkring dette med å kjøpe ein bustadeigedom, skaffe erstatningsbustad, drøfte ulike løysingar inkludert økonomien i eit slikt alternativ.

Like fram til 02.06 var rådmann av den oppfatning at dette alternativet var innanfor rekkevidde, men me fekk då melding om at bustadeigar trekte seg frå opplegget. Dette betyr at det ikkje er grunnlag for å leggje fram sak til politisk handsaming no i juni som planlagt. Rådmann beklagar dette.

Svært mykje grunnlagsarbeid er samla inn og sak delvis ført i pennen, men det vert no behov for å sjå på saka på nytt og gjere nye vurderingar på korleis me går vidare i eit arbeid over sommarferien.

Med ev bruk av raud avdeling/scena i gymsal vil me ha godt handlingsrom for barnehagetilbodet i Gaupne barnehageåret 2020-21. AMU har godkjent planane for dette og det er sendt søknad til arbeidstilsynet om forlenga bruk.

Rådmann vil i ei intern orientering kunne omtala saka nærare.

Jarle Skartun
rådmann